



Statens vegvesen

Johs E. Øvsthus AS

Tore Tveito

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Hilde Gunn Stenseth / 56520207	Vår referanse: 16/103098-2	Dykkar referanse:	Vår dato: 18.07.2016
------------------------------------	---	-------------------------------	-------------------	-------------------------

Statens vegvesen sitt svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense – påbygg – Fv. – gnr. 210 bnr. 8 – Voss kommune

Vi syner til søknad dagsett 29.06.2016 frå Tore Tveito.

Vedtak:

Med heimel i veglova §§ 29 og 30 gir Statens vegvesen dispensasjon frå byggegrensa for oppføring av tilbygg på bustadhus på eigedomen. Fv. 310, Hp. 1, Km. 6,517.

Vilkår for dispensasjonen:

Statens vegvesen har etter ei samla vurdering funne å kunne gi dispensasjon frå byggegrense på fylgjande vilkår:

Minste avstand frå bygning (medrekna takutspring) til senterline køyreveg må vere 33 meter.

Tiltakshavar må sjølv syte for naudsynte tiltak med omsyn til skjerming mot støv/støy frå vegen slik at grenseverdiane i Miljøverndepartementet sitt rundskriv T-1442 tilfredsstillast. Slike tiltak må handsamast som ein del av byggesaka i kommunen.

Bygningen og arealet må ikkje takast i bruk til andre føremål enn det som går fram av vilkåra i denne dispensasjonen.

Dispensasjonen inneber at det seinare ikkje kan gjerast gjeldande krav på erstatning for skadar og ulemper som eventuelt blir påført bygninga/tiltaket på grunn av nærleiken til fylkesvegen.

Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år frå dispensasjonen er gitt, elles fell dispensasjonen bort.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
fir mapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Det er eit vilkår for dispensasjonen at det blir gitt naudsynt godkjenning frå kommunen.

Bakgrunn for vedtaket:

Byggegrenser skal ivareta omsynet til trafikktrygging, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ev utviding av vegen, og miljøet langs vegen.

Bakgrunnen for at søknaden om dispensasjon er innvilga er:

I Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest 2013–2016 ligg Fv. 310 i klasse 3 der byggjegrensa er definert til 30 meter. Hordaland fylkeskommune har vedteke denne Rammeplanen.

Strekningsvis årsdøgntrafikk er 600 (tal frå 2015).

Rett til å klage:

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og kan påklagast, jfr forvaltningslova §§ 28–36. Klagefristen er tre – 3 – veker frå du fekk dette vedtaket. Klageinstans er Hordaland fylkeskommune. Ei eventuell klage sendast til Statens vegvesen som sender over saka til klageinstansen.

Dersom du ynskjer det, har du høve til å sjå dokumenta i saka.

Plan & Forvaltning Voss Hardanger
Med helsing

Carl Erik Nielsen
Seksjonssjef

Hilde Gunn Stenseth
Senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Dag Johnny Nåsen, Bordalsvegen 588, 5708 VOSS
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Voss kommune, Postboks 145, 5701 VOSS